

## Innsamling av avfall

Nordhordland transportkontor	1983-1998 (16 år)
Torstein Øvsthus og Søner	1999-2003 (5 år)
Norsk Gjenvinning	2004-2010 (7 år)
Retura Vest	2011-2016 (6 år)


<b>Tilbydar</b>	<b>Vekta tilbodssum</b>
NordRen AS	kr 97 827 128
Retura Vest AS	kr 95 248 868
RenoNorden AS	kr 58 204 376
Nortrans Veg og Anlegg AS	kr 121 443 201

# Frykt for sosial dumping i NGIR



**OMSTRIDD KONTRAKT:** NGIR har inngått ein ny renovasjonskontrakt med det Oslo-baserte selskapet RenoNorden. Kontrakten er heile 37 millionar billigare enn anbodet til dagens operatør. NGIR-sjefen sjølv fryktar for sosial dumping. **SIDE 4-5**

**OMSTRIDD KONTRAKT:** NGIR har inngått ein ny renovasjonskontrakt med det Oslo-baserte selskapet RenoNorden. Kontrakten er heile 37 millionar billigare enn anbodet til dagens operatør. NGIR-sjefen sjølv fryktar for sosial dumping. **SIDE 4-5**



*renovasjonsselskapet NGIR har inngådd ein omstridd kontrakt med  
No fryktar politikarar og NGIR-sjefen sjølv for sosial dumping.*

# NGIR-bosset med kontrakt 37

- Eg fryktar ikkje sosial dumping ut i frå slik kontrakten er stila. Men det er ein del som har frykta det. Difor ønskjer eg å



**Arbeidstilsynet**  
Kontroll og veiledning om arbeidsmiljø

## Sosial dumping

Med sosial dumping menes særlig at utenlandske arbeidstakere som utfører arbeid i Norge får vesentlig dårligere lønns- og arbeidsvilkår enn norske arbeidstakere.

<b>Tilbydar</b>	<b>Vekta tilbodssum</b>
NordRen AS	kr 97 827 128
Retura Vest AS	kr 95 248 868
RenoNorden AS	kr 58 204 376
Nortrans Veg og Anlegg AS	kr 121 443 201



#### **4. Vurdering av avvising**

Alle tilbydarane har i tilbods brevet kryssa av at dei ikkje har atterhald til tilbodsgrunnlaget, og etter ein nærare gjennomgang av tilboda, kan det konkluderast med at det ikkje er grunnlag for å avvise nokre av leverandørane eller tilboda etter reglane i FOA §§ 20-12 – 20-14.

Når prisskilnaden er såpass stor, er det grunn til å drøfte om RN har så låg pris at oppdragsgjevar kan avvise tilbudet. Departementet sin rettleiar til offentlege innkjøp seier t.d. følgjande om denne problemstillinga:

Side 5 av 8

---

The logo for ALBARAN, featuring the word "ALBARAN" in a bold, sans-serif font. A small red dot is positioned above the letter "A".

«Selv om leverandøren vil ha en minimal avkastning eller taper penger på prosjektet, er dette i seg selv neppe grunn til å avvise tilbudet, så lenge det ikke utgjør en risiko for gjennomføringen av prosjektet.

Hvis den lave prisen utgjør en risiko ved gjennomføringen av leverandørens kontraktsforpliktelser, for eksempel ved at prisen indikerer dårlig kvalitet på tjenestene eller utgjør en fare for leverandørens økonomiske stilling, vil oppdragsgiver imidlertid ha en avvisningsrett.»

I regelverket er høvet til å avvise på grunn av prisnivå ein «kan-regel», dvs. at det er ingen plikt for oppdragsgjevar til avvising sjølv om risikomomenta nemnt over er tilstades.

I regelverket er høvet til å avvise på grunn av prisnivå ein «kan-regel», dvs. at det er ingen plikt for oppdragsgjevar til avvising sjølv om risikomomenta nemnt over er tilstades.

RN synes som eit økonomisk solid firma, og hadde i 2014 en omsetnad på 585 MNOK, eit overskot før skatt på 93 MNOK og kontraktar i norske kommunar med eit samla innbyggjartal på 1,7 mill. Sjølv om marknaden har blitt noko magrare etter dette, og RN m.a. har tapt kontraktane i Oslo og Vesar, vil nok ikkje ein kontrakt med NGIR på ca. 8 – 9 MNOK pr. år medføre ein fare for selskapet totalt sett, sjølv om RN rett nok har vunne også eit par andre kontraktar med om lag same volum som NGIR med tilsvarende låge prisar.

RN har i utgangspunktet kalkulert med ca. 1 – 1,5 færre årsverk og ein bil ekstra samanlikna med Retura Vest, som driv kontrakten i dag. Det er såleis etter vår vurdering ikkje grunnlag for å hevde at RN legg opp til vesentleg redusert tenestekvalitet.

Ut frå ei førebels vurdering synes det som om risikoen er liten for at RN går konkurs eller ikkje klarer gjennomføre kontrakten. Oppdragsgjevar bør likevel vere budd på at ein situasjon der leverandøren vil minimere tapet på drifta, truleg vert krevjande for oppdragsgjevar.



# KOFA

Klagenemnda for offentlige anskaffelser

Av klagenemndas uttalelse i sak 2005/57 følger det imidlertid at pris alene ikke gir rett til å avvise et tilbud som unormalt lavt: Det klare utgangspunktet er [] at leverandørene er oppfordret til å konkurrere på pris, samt at lav pris er et konkurransefortrinn. Lav pris i seg selv kan således ikke være tilstrekkelig for å avvise tilbudet. Etter klagenemndas syn vil likevel et tilbud kunne avvises med grunnlag i § 15-10 (2) bokstav c dersom den lave prisen utgjør en risiko ved gjennomføringen av leverandørens kontraktsforpliktelser, for eksempel ved at prisen indikerer dårlig kvalitet på tjenestene eller utgjør en fare for leverandørens økonomiske stilling, og som dermed kan påvirke leverandørens gjennomføringsevne (avsnitt 28).

For at et tilbud skal kunne avvises som unormalt lavt, må det således foreligge omstendigheter som tyder på at anbyder vil få vansker med å oppfylle sine plikter etter kontrakten. Dette gjelder selv om anbyder har kalkulert med tap, jf. Rettleiar til reglane for offentlege anskaffingar, s. 166.

<http://www.foa.no/rettskildearkiv/2008/juni/2008%3A47.pdf>



## STYREMØTE

Møtedato: 02.05.2016

Sak nr: 14/16

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

### **Anbud komprimatorbil**

#### **Vurdering av avvising**

I forskrift om offentlige anskaffelser § 11-11 (Avvisning på grunn av forhold ved tilbudet) heiter det: "Et tilbud kan avvises når .....tilbudet virker unormalt lavt i forhold til ytelsen, jf. § 11-12."

Tilbudet til RenoNorden er svært lågt samanlikna med dei andre tilboda. Den seinare tida har RenoNorden gjeve låge tilbud til både HIM (Haugalandet interkommunale miljøverk) og RIR (Romsdhalhovøya interkommunale renovasjonsselskap). Avstanden opp til nummer 2 hjå RIR var 29 %, hjå HIM 41 %. Hjå NGIR er avstanden 64 %.

Korkje RIR eller HIM avviste tilboda frå RenoNorden. RenoNorden AS renoverer i dag for fleire renovasjonsselskapp på Vestlandet, t.d. SUM, SIMAS og BIR.

Det som må vega spesielt tungt ved ei vurdering av om ein skal avvise eit tilbud på grunn av unormalt låg pris er gjennomføringsevne og risiko for sosial dumping.

### Gjennomføringsevne

RenoNorden er den største aktøren i Noreg som har spesialisert seg på å drifta renovasjonskontraktar. Dei har ein marknadsdel på 46 % i Noreg. I Sverige, Danmark og Finland har dei marknadsdelar på mellom 15 og 32 %. Økonomien er solid og dei har siste 5 åra hatt eit gjennomsnittleg overskot på kr 126 for kvar tusenlapp dei omset, noko som må seiast å vera svært bra. Eigenkapitalen er god og risikoen for konkurs låg.

### Sosial dumping

I anbudsgrunnlaget er det sett krav om at løns- og arbeidsvilkår til tilsette er i samsvar med gjeldande landsomfattande tariffavtale. NGIR kan til ei kvar tid krevja dokumentasjon for at dette vilkåret er oppfylt og kan krevja dagmulkt til forholda er i orden.

---

Det er stilt krav om dokumenterte språkkunnskapar i forhold til Europarådet sin norm (B1 for sjåførar og C1 for administrasjon) med dagmulkt dersom det ikkje kan dokumenterast.

På bakgrunn av dette ser ikkje dagleg leiar noko vektig grunn til å avvise tilbodet frå RenoNorden.

## Innsamling av avfall

Nordhordland transportkontor	1983-1998 (16 år)
Torstein Øvsthus og Søner	1999-2003 (5 år)
Norsk Gjenvinning	2004-2010 (7 år)
Retura Vest	2011-2016 (6 år)
RenoNorden	2017-2022/2024 (6-8 år)

OVERSIKT

REGNSKAP

NØKKELTALL

ROLLER OG KUNNGJØRINGER

NYHETER

Driftsinntekter 2015:  
**595 713' NOK**  
(2014: 585 071' NOK)

Resultat før skatt 2015:  
**107 664' NOK**  
(2014: 93 298' NOK)

Selskapsform:  
**AS**

Stiftet:  
**2000**

Ansatte:  
**617**

## Likviditetsgrad:

Tilfredsst. (1,18)



## Lønnsomhet:

Meget god  
(20,2%)



## Soliditet:


Meget god  
(42,2%)

[Vis detaljert info](#)

## Regnskap

Beløp i hele 1000

	2015	2014	2013
Sum driftsinntekter	595 713	585 071	549 259
Driftsresultat	109 136	104 070	83 540
Resultat før skatt	107 664	93 298	73 300
Sum eiendeler	573 265	557 843	621 615
Egenkapitalandel i %	42,2	43,4	20,7
Valutakode	NOK	NOK	NOK



Kilde: Brønnøysundregistrene

[Vis alle regnskapstall](#)



Det var de usedvanlig overbevisende seirene på anbud vunnet i første og andre kvartal som førte til at varsellampene begynte å blinke hos den nordiske lederen innen husholdningsrenovasjon.

– Den seneste tiden så vi at det var en urovekkende differanse til nummer to i anbudene vi vant i første kvartal og delvis inn i andre kvartal, sier konsernsjef Harald Rafdal under en telefonkonferanse tirsdag morgen.

På basis av dette gjennomførte selskapet en full gjennomgang av kontraktene i Norge som har blitt inngått siden i fjor høst.

– Som en konklusjon på dette har vi funnet svakheter på seks, hvorav tre ganske betydelige, sier Rafdal.

## Åtte til ti år

Selskapet noterte et samlet tap på 159 millioner kroner på fremtidige kontrakter, og skriver ned goodwill på 90,9 millioner kroner, i andre kvartal.

Tre av de aktuelle kontraktene står for omtrent 92 prosent av det nedskrevne beløpet i Norge i perioden. Disse er i hovedsak ikke påbegynt.

Renonordens kontrakter strekker seg fra fem til ti år.


– De tre utgjør kontrakter med en løpetid på åtte og 10 år, og det er da årsaken til at tapet blir såpass stort – at vi tar årlige tap 10 år fremover. Dette er gjort etter beste vurdering. Utgangspunktet er hvor gode vi er i dag og hva vi mener å få til etter en rekalkulering som er mer balansert enn da anbudene ble gitt, sier Rafdal.

### RENONORDEN

INTRADAG ▼

Siste kurs 18.20

-0.30 | -1.62%



INTRADAG	-1.62%	1 UKE	-5.70%
1 MND	-8.08%	1 ÅR	-51.83%

SE MER PÅ E24 BØRS



Kleiveland fryktar det kan verta mykje meir å følgja opp. Han seier dei har kravd ein del dokumentasjon frå RenoNorden for å unngå sosial dumping, mellom anna ein landsomfattande tariffavtale.

## **5 TILLEGG PUNKT 7.2 SAMARBEID OG KOMMUNIKASJON I KONTRAKTSPERIODEN**

NS 9430, punkt 7.2 gjeld med følgjande tillegg:

Representanten til Leverandøren skal minimum kunne eitt skandinavisk språk muntleg og skriftleg i samsvar med Europarådet sitt nivå C1. Minst ein person pr. kjøretøy, t.d. sjåføren skal kunne kommunisere på norsk, svensk eller dansk språk ved gjennomføring av oppdraget. Dersom oppdragsgjevar ber om dette skal leverandøren kunne dokumentere at språkkunnskapane til kvar sjåfør nytta i oppdraget oppfyller alle krav i Europarådet sitt nivå B1 for det aktuelle språket. Oppdragsgjevar har rett til å krevje dagmulkt i samsvar med frist «d» i punkt 20.2 i NS 9430, fram til språkkrava spesifisert over er dokumentert oppfylt.

## **6 ENDRING PUNKT 8.2 LØNNS- OG ARBEIDSVILKÅR**

NS 9430, punkt 8.2 går ut og vert erstatta av følgjande:

Leverandøren skal syte for løns- og arbeidsvilkåra til sine tilsette er i samsvar med gjeldande landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen, og at vilkår knytt til helse-, miljø og tryggleik er oppfylt.

Dersom oppdragsgjevar ber om dette, skal leverandøren kunne dokumentere at løns- og arbeidsvilkåra for eigne tilsette og innleigd personell er i samsvar med kontrakten og regelverket. Same dokumentasjonsplikt gjeld også for underleverandørar. Oppdragsgjevar har rett til å overlate denne kontrollen til tredjepart.

Dersom det viser seg at lønns- og arbeidsvilkåra ikkje oppfyller vilkåra i kontrakten, kan oppdragsgjevar krevje dagmulkt etter frist d) i punkt 20.2, NS 9430, fram til tilhøva er i orden. Dersom tilhøva ikkje kjem i orden etter dette, vert kontraktsbrotet rekna som vesentleg misleghald.

Leverandøren skal elles halde oppdragsgjevar skadelaus for alle krav for knytt til brot på regelverket om løns- og arbeidsvilkår.

# Fryktar ikkje sosial dumping i NGIR

**I AVISA** Nordhordland 08.10. vert det hevda at både eg og politikarar fryktar sosial dumping i samband med ny transportør frå nyttår. Eg kan forstå at dei som ikkje kjenner saka kan verta uroleg for dette, sidan tilbodet til RenoNorden var prisa svært lågt. I artikkelen er eg korrekt sitert på at eg ikkje fryktar sosial dumping, men likevel vel avisa NH å skriva at «NGIR-sjefen sjølv fryktar sosial dumping» på framsida av avisa. Eg fryktar ikkje sosial dumping i denne kontrakten.

**RENONORDEN HAR** prisa køyringa så lågt at dei utan tvil kjem til å tapa mykje pengar på oppdraget for NGIR i åra som kjem. RenoNorden er eit børsnotert selskap, og dei har alle-reie bokført store tap på denne kontrakten. Det at RenoNorden har feilprisa anbodet er ikkje einstyndande med at dei kjem til å driva med sosial dumping.

**I ANBODSGRUNNLAGET** har NGIR stilt krav om at løns- og arbeidsvilkåra til alle sjåførar skal vera i samsvar med gjel-

dande landsomfattande tariff-avtale. Dette for å sikra at dei som gjev tilbod på køyringa ikkje skal basera seg på utanlandske arbeidstakarar som får dårlegare vilkår enn norske. Det er også stilt strenge krav til språkferdigheiter, for å sikra at sjåførane kan kommunisera både med oss og kundane våre utan problem. Dette er krav som vert regulert med bøtlegging dersom dei ikkje vert følgd.

**RENONORDEN KØYRER** renovasjonsbilar i om lag 150 kommunar i Noreg og er dermed den største aktøren i Noreg på dette fagfeltet. Tilsyn som Arbeidstilsynet har gjennomført hjå RenoNorden gjev ikkje grunnlag for å konkludera med at RenoNorden driv med sosial dumping. Eg registrerer at Stein Inge Larsen er «hundre prosent sikker på at dette er sosial dumping» og at «dette er slett handverk». Til det vil eg seia at dersom nokon sit med dokumentasjon på at RenoNorden tilbyr dårlegare løns- og arbeidsvilkår til utanlandske arbeidstakarar

enn til norske eller at RenoNorden ikkje følgjer tariffavtalen dei er bunden av, så ber eg om at NGIR får tilgong til dokumentasjonen slik at den kan leggjast til grunn når me skal følgja opp kontrakten med RenoNorden.

**DET STÅR** i avisartikkelen at «Her tek ein inn eit fima for å tena meir pengar». Dei som kjenner lovverket, veit at det ikkje er lov korkje å tena pengar eller tapa pengar på renovasjonstenesta som kommunane (og med dette NGIR) er pliktig til å utføra. Kvar krone som NGIR sparer på denne kontrakten kjem difor kundane til gode i form av lågare renovasjonsgebyr. Dersom NGIR ikkje hadde fått dette unormalt låge tilbodet, ville renovasjonsgebyret måtte aukast ein god del, då det er stor prisauke på handsaming av restavfall og treverk i marknaden. No legg NGIR fram forslag til kommunane om å setja renovasjonsgebyret litt ned og deretter forsøka halda det uendra i fleire år.

**I AVISA** vert det stilt krav om at «kontrakten mellom RenoNorden og NGIR blir kansellert», men dei som kan litt om jus veit at ein slik kontrakt ikkje kan kansellerast utan at vesentlege kontraktvilkår er brote. Då denne kontrakten ikkje har starta opp enno, er det naturleg nok ikkje gjort brot på kontraktvilkåra. Når det er sagt, så trur eg RenoNorden ville vore svært takksam dersom me hadde kunna heva kontrakten, slik at dei slepp å sponsa innbyggjarane våre med store summar.

**ERFARINGSMESSIG ER** det monaleg meir oppfølging av kontraktar som vert gjennomført med tap eller med dårleg margin, enn kontraktar der entreprenøren tenar gode pengar på NGIR. Dette fordi entreprenøren ofte då forsøker å finna høve til å fakturera tillegg, og vert kanskje litt meir firkanta i forhold til tolking av plikter i kontrakten. Frå nyttår tek eg fatt på nye oppgåver i NGIR, der oppfølging av denne kontrakten vert ein sentral del. Både ny dagleg leiar og eg vil gjera det

som skal til for at kundane våre framleis skal få gode tenester, og for at dei krava NGIR har stilt i kontrakten vert oppfylte, også i høve sosial dumping.

ERLEND KLEIVELAND  
dagleg leiar i NGIR (fram til nyttår)

## Vi beklagar

I papirutgåva lørdag 8. oktober der vi skreiv om den omstridde kontrakten NGIR har inngått med RenoNorden, kom vi i skade for å skrive at «NGIR-sjefen sjølv fryktar for sosial dumping» med henvisning til dagleg leiar Erlend Kleiveland. Denne setninga stod i ein ingress på framsida og i bildeteksten til saka på side 4 og 5. Dette var ein feil då det var Gulen-politikar Stein Inge Larsen (H) som uttalte at han frykta sosial dumping. Avisas Nordhordland beklagar feilen.

TROND ROGER NYDAL  
Redaktør

## **Vi beklagar**

I papirutgåva lørdag 8. oktober der vi skreiv om den omstridde kontrakten NGIR har inngått med RenoNorden, kom vi i skade for å skrive at «NGIR-sjefen sjølv fryktar for sosial dumping» med henvisning til dagleg leiar Erlend Kleiveland. Denne setninga stod i ein ingress på framsida og i bildeteksten til saka på side 4 og 5. Dette var ein feil då det var Gulen-politikar Stein Inge Larsen (H) som uttalte at han frykta sosial dumping. Avisa Nordhordland beklagar feilen.

**TROND ROGER NYDAL**  
**Redaktør**

## Leiar NH 26.10.16

**Vi meiner** at sjølv om den inngåtte kontrakten truleg ikkje kan reverserast, er det grunn til å stille spørsmål ved den. Ikkje minst ettersom dagleg leiar i NGIR sjølv har uttalt at RenoNorden vil tape pengar på anbodet. Synest politikarane det er greitt? Har dei då kontroll med sitt eige renovasjonsselskap? NGIR er 100 prosent eigd av kommunane, og av offentleg interesse. Her må politikarane forvise seg om at RenoNorden oppfyller alle lover i norsk arbeidsliv.

Leiar NH 26.10.16



*Dette handlar  
også om tilliten  
vi skal ha til våre  
lokale folkeval-  
de.*



Lesarinnlegg NH 26.10.16


**STYRELEDER KALLER** anbudet en feilprising og ikke dumping, noe som er merkelig om han har fulgt litt med i media om dette selskapet? Kanskje burde styreleder frykte sosial dumping litt mer om han hadde lest litt mer om foretaket.

**TORSUNDBY**  
**Holme**


**EN DÅRLIG** unnskyldning er i alle fall at hadde en ikke tatt dette dumping anbudet, ville renovasjonsavgiften blitt dyrere for oss kunder. Men hvorfor er avgiften høyere i dag hos NGIR enn hos BIR, så hvorfor ikke slå seg sammen med BIR og bli en kommunal bedrift med gode og trygge arbeidsplasser?

**TORSUNDBY**  
**Holme**

## Gebyrutvikling 2004-2019



## Gebyrutvikling 2004-2020



Ordførarane reagerer på medieavsløringar:

# Kallar NGIR inn på teppet

Han meiner politikarane som har vore med på å godta kontrakten med NGIR har svikta i rolla si.

- Dei har ikkje tenkt på konsekvensane av det dei er med på og bestemmer, seier han.

- Det er utruleg viktig at kommunane er årvakne og at representantskapet krev handling om det vert problem og at det vert tatt på høgste alvor, seier han.

Stein Inge Larsen, kommunestyrepolitikar for Høgre i Gulen og med lang erfaring frå transportbransjen er no glad for at politikarane i Nordhordland byrjar å vakna. Førre torsdag var og NGIR i kommunestyret i Gulen og orienterte om prosessen.

- Det vil forundra meg om dei sjåførane som har køyrd for oss ikkje er minst like kvalifisert som nokon andre, seier han til Avisa Nordhordland.

## **Selskapsavtalen til NGIR §3**

*NGIR avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av egne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leigeavtalar med medlemskommunane eller private næringsdrivande.*





- Dette her er slett handverk.  
PS! Erlend Kleiveland skal  
slutte som dagleg leiar i NGIR,  
men sit i stillinga ut året.

# Renovasjonsgebyr – fordeling av kostnader

